



Bøsseberarane klare for Demensaksjonen 2006. Måndag skal dei ut på ein ny runde. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Måndag 1. oktober frå klokka 17 til 19 gjennomfører Uskedalen Helselag den årlege bøsseinnsamlinga til inntekt for Demensaksjonen som Nasjonalforeningen for Folkehelsen arrangerar. Aksjonen var eigentleg sist helg, men då passa det ikkje så bra å halda innsamlinga i Uskedalen

Leiar Selma Eik oppfordrar uskedelingane om å ta godt i mot bøsseberarane også dette året.

I fjor haust ga aksjonen her i bygda 15.584 kroner til det gode føremålet og det bør vera mogeleg å komma over dette talet i år. Kanskje blir også den tidlegare rekorden på noko over 18.000 slege? Selma reknar med at rundt 20 bøsseberarar vil stilla opp også denne gongen.

Ved å støtta aksjonen støttar ein personer med demens og deira pårørande og aksjonen blir dette året halde for sjuande gong.

No er 65.000 nordmenn ramma av demens, ein uhelbredeleg sjukdom som oftast førar til at den sjuke blir pleietrengande. Den rammer først og fremst dei som er over 65 år og Alzheimer er den vanlegaste demenssjukdommen. Omtrent 65 prosent av dei med demens er ramma av den.

Framleis er det mykje ein ikkje veit, men Alois Alzheimers funn har gjeve grunnlaget for ein omfattande forskningsinnsats.

Nasjonalforeningen har – gjennom forskning – som mål å hindra eller forseinka utviklinga av demens. Overskotet av Demensaksjonen går til forskning, samtalegrupper for demenssjuke og pårørande, informasjonsarbeid om demens og opplæring av frivilljuge.

Av Ola Matti Mathisen